

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 21/25
REGULERING AV FISKET ETTER NVG
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

I det store og heile ønsker Pelagisk Forening at gjeldande regulering blir vidareført.

Generelt meiner Pelagisk Forening at for fiske der det er flexordning skal fiske over 110 % føra til trekk på fartøynivå, og ikkje på gruppenivå. Dette vil redusera fiske utover eigen kvote.

Når fartøy har fiska over 100 % av kvoten sine bør fartøyet ikkje ha lov til å setja bruk i sjøen i same fiskeri

Haustingsforskrifta § 59 «Sildestreken»

I 2023 skapte forbodsregelen i haustingsforskrifta § 59 problem. Regelen er gamal, og omsynet bak er å unngå fiske på undermåls sild. Pelagisk Forening meiner at endra utbreiing og vandringsmønster har gjort regelen mindre relevant. Pelagisk Forening meiner at regelen bør opphevast. Subsidiært at Fiskeridirektoratet får heimel til å innskrenka området det er forbode å fiske nvg.

Reidskapsfleksibilitet

Kyst- og ringnotflåten har reidskapsfleksibilitet, men har forbod mot å bruka pelagisk trål innanfor 12-mila. Dette i motsetnad til gruppa pelagisk trål, jf. § 60.

Pelagisk Forening meiner at det bør opnast for at kyst- og ringnotflåten kan bruka pelagisk trål i fisket etter nvg innanfor 12-mila. I det grøne skiftet er det viktig med effektivt fiskeri, og det avgjerande bør vera om det er uønskt bifangst eller ikkje. Kva gruppa båten tilhøyrar bør ikkje vera avgjerande.

Fjordlinjer

Kvar haust vandrar silda innanfor enkelte fjordlinjer, og det blir naudsynt å dispensera frå desse. Erfaring viser at er det lite innblanding av torsk, og lite undermåls sild. På reguleringsmøtet i 2024 blei dette stadfesta av Sjøtjenesten.

Pelagisk Forening meiner difor at enkelte fjordlinjer bør justerast/fjernast slik at flåten over 15 meter ikkje blir unaudsynt hemma i utøving av fiskeriet.

Inntil det skjer ber Pelagisk Forening om at direktoratet føl fisket tett, og er raske med å dispensera når det er naudsynt.

Pelagisk Forening viser òg til at Fiskeridirektoratet arbeider med ei tinging, frå NFD, der målet er at klimaomsyn skal vektleggast meir i fiskerireguleringar. Ovanfor nemnte reguleringsforslag vil bidra kunne føra til reduserte utslepp av klimagassar.

Fiske av sild under minstemål

Fiske av sild under minstemål kan bli inndratt, og båten kan fiska kvantumet på nytt. Kvantumet kjem til frådrag i gruppekvoten året etter. Pelagisk Forening meiner at dette bør endrast slik at ikkje heile gruppa «betalar prisen», men føra til kvotetrekk på fartøynivå. Det vil truleg føra til at det blir fiska mindre sild under minstemål.

I tillegg vil ein slik regel føra til at konsekvensane, av eventuelt fiske av undermåls fisk, blir likt for enkeltfartøy. Dette fordi i praksis vil moglegheita til å fiska inndratt kvantum på nytt vera avhengig av når i kvoteåret inndraging skjer, og av sakshandsamingstida til direktoratet. Som kjent vil dette kunne variera frå gang til gang. Likskapsomsyn talar difor for at fisk under minstemål blir inndratt.

Bergen: 15.10.25.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar